

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/12/41

av 4. mai 2011

## om oppnemning av ei europeisk rådgjevande gruppe for intelligente transportsystem (ITS)

(2011/C 135/03)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/40/EF av 7. juli 2010 om en ramme for innføring av intelligente transportsystemer innen veitransport og for grensesnitt mot andre transportformer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 16, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter artikkel 16 i direktiv 2010/40/EU skal Kommisjonen oppnemne ei europeisk rådgjevande gruppe for ITS som skal gje Kommisjonen råd om forretningsmessige og tekniske sider ved innføring og bruk av ITS i Unionen.
- 2) Difor er det naudsynt å oppnemne ei slik gruppe av sakkunnige på området intelligente transportsystem, og å definere kva oppgåver og struktur gruppa skal ha.
- 3) Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS bør gje Kommisjonen råd om dei forretningsmessige og tekniske sidene ved innføring og bruk av ITS i Unionen.
- 4) Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS bør vere samansett av representantar på høgt nivå frå aktuelle tilbydarar av ITS-tenester, brukarsamanslutningar, transportføretak og anleggsoperatørar, produsentar, partane i arbeidslivet, yrkessamanslutningar, lokale styresmakter og andre relevante forum.
- 5) Det bør fastsetjast reglar for korleis medlemmene av Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS skal offentleggjere opplysningar.
- 6) Personopplysningar bør handsamast i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 45/2001 av 18. desember 2000 om personvern i forbindelse med behandling av personopplysningar i Fellesskapets institusjoner og organer og om fri utveksling av slike opplysningar<sup>(2)</sup>.
- 7) Det bør fastsetjast ein frist for kor lenge denne avgjerda skal gjelde. Innan fristen går ut, vil Kommisjonen vurdere om det er føremålstenleg med ei lenging —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1***Føremål**

Det vert oppnemnt ei gruppe av sakkunnige på området intelligente transportsystem, heretter kalla «Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS».

*Artikkel 2***Oppgåver**

Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS skal ha følgjande oppgåver:

- a) hjelpe Kommisjonen med førebuinga av spesifikasjonar som skal vedtakast som delegerte rettsakter i medhald av ITS-direktivet, særleg gjennom å gje fråsegn om dei tekniske og forretningsmessige sidene som er knytte til slike spesifikasjonar,
- b) overvake utviklinga av ITS-politikken og gje Kommisjonen råd og rettleiing om alle andre spørsmål (som ikkje er direkte knytte til spesifikasjonar) i samband med innføringa og bruken av ITS i Unionen,
- c) fremje utvekslinga av røynsler og god praksis i samband med innføringa og bruken av ITS.

*Artikkel 3***Samråd**

Kommisjonen kan rådføre seg med Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS om alle spørsmål som gjeld innføringa og bruken av ITS i Unionen, og samstundes oppmuntre medlemmene til å leggje fram andre emne til drøfting.

*Artikkel 4***Oppnemning av medlemmer**

1. Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS skal ha 25 medlemmer.
2. Medlemmene skal vere
  - einskildpersonar som vert valde ut for å representere dei felles interessene til aktørane innanfor eit visst politikkområde; dei skal ikkje representere nokon einskild aktør,

eller

- organisasjonar i vid tyding, medrekna føretak, samanslutningar, ikkje-statlege organisasjonar, fagforeiningar, universitet eller høgskular, forskingsinstitutt, unionsbyrå, unionsorgan og internasjonale organisasjonar.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 135 av 5.5.2011, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 140/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 29.

<sup>(1)</sup> TEU L 207 av 6.8.2010, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 8 av 12.1.2001, s. 1.

3. Medlemmene skal oppnemnst av generaldirektøren for Generaldirektoratet for mobilitet og transport blant sakkunnige eller organisasjonar som representerer dei aktørane som er oppførte i artikkel 16 i direktiv 2010/40/EU, som har kompetanse innanfor dei områda som er nemnde i artikkel 2 og 3, og som har svara på ei oppmoding om å søkje.

4. Medlemmene skal oppnemnst for eit tidsrom på tre år. Dei skal ha verva sine inntil mandatperioden deira går ut. Mandatperioden kan lengjast.

5. Kommisjonen eller kontora til Kommisjonen skal utarbeide ei liste over høvelege vararepresentantar. Kommisjonen eller kontora til Kommisjonen skal be søkerane om å gje sitt samtykke før namnet deira vert førte opp i ei slik liste.

6. Medlemmer som ikkje lenger er i stand til å medverke på ein effektiv måte i arbeidet til Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS, som går av eller som ikkje oppfyller dei vilkåra som er fastsette i nr. 3 i denne artikkelen eller i artikkel 339 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, kan bytast ut for resten av mandatperioden. som er fastsette i nr. 3 i denne artikkelen eller i artikkel 339 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, kan bytast ut for resten av mandatperioden.

7. Namna til medlemmene skal offentleggjerast i registeret over Kommisjonen sine grupper av sakkunnige og liknande einingar (heretter kalla «registeret»)(<sup>3</sup>).

8. Personopplysningar skal samlast inn, handsamast og offentleggjerast i samsvar med forordning (EF) nr. 45/2001.

#### Artikkel 5

##### Arbeidsmåte

1. Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS skal leiast av ein representant for Kommisjonen.

2. Etter avtale med kontora til Kommisjonen kan Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS oppnemne undergrupper som skal greie ut om særskilde spørsmål på grunnlag av eit mandat som Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS har definert. Slike undergrupper skal oppløysast straks mandatet deira er oppfylt.

(<sup>3</sup>) Medlemmer som ikkje ønskjer å få namnet sitt offentleggjort, kan søkje om unntak frå denne regelen. Ein slik søknad om ikkje å offentleggjere namnet på ein medlem av ei gruppe av sakkunnige, skal godtakast når ei slik offentleggjering vil kunne setje tryggleiken eller integriteten hans/hennar i fare, eller i urimeleg grad kunne skade personvernet.

3. Dersom det trengst kan representanten til Kommisjonen invitere eksterne sakkunnige som har særskild kompetanse innanfor eit emne på dagsordenen, til å ta del i arbeidet i gruppa eller undergruppa. I tillegg kan representanten til Kommisjonen gje einskildpersonar eller organisasjonar observatørstatus.

4. Medlemmer av grupper av sakkunnige og representantane deira, saman med inviterte sakkunnige og observatørar, skal rette seg etter krava til teieplikt som er fastsette i traktatane og gjennomføringsreglane deira, og tryggleiksreglane til Kommisjonen med omsyn til vern av graderte EU-opplysningar, slik det er fastsett i vedlegget til kommisjonsavgjerd 2001/844/EF, EKSF, Euratom(<sup>4</sup>). Dersom dei ikkje etterlever desse pliktene, kan Kommisjonen gjere alle dei tiltaka som er føremålstenlege.

5. Gruppene av sakkunnige og undergruppene skal halde møta sine i lokala til Kommisjonen. Kommisjonen skal ta hand om sekretariatsfunksjonane. Andre tenestemenn i Kommisjonen som har interesse av drøftingane, kan ta del i møta til Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS og undergruppene hennar.

6. Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS skal fastsetje møteføresegnene sine på grunnlag av standardmøteføresegnene for grupper av sakkunnige.

7. Kommisjonen kan offentleggjere relevante opplysningar om verksemda som Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS utfører, anten ved å leggje dei inn i registeret eller ved å lage ei lenke frå registeret til ei særskilt nettside.

#### Artikkel 6

##### Møteutgifter

1. Personar som tek del i verksemda til Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS, skal ikkje få vederlag for dei tenestene som dei yter.

2. Kommisjonen skal samsvar med gjeldande føresegner i Kommisjonen refundere reise- og opphaldsutgifter for deltakarane i verksemda til Den europeiske rådgjevande gruppa for ITS.

3. Disse utgiftene skal refunderast innanfor ramma av dei løyvingane som vert tildelte i medhald av den årlege tildelinga av midlar.

(<sup>4</sup>) Kommisjonsbeslutning 2001/844/EF, EKSF, Euratom av 29. november 2001 om endring av Kommisjonens forretningsorden (TEF L 317 av 3.12.2001, s. 1).

*Artikkel 7*

**Brukstid**

Denne avgjerda skal nyttast fram til 27. august 2017.

Utferda i Brussel, 4. mai 2011.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

---